



ÅRSMELDING 2020–2021

Mental Helse Sogn og Fjordane er eitt av fleire fylkeslag i Mental Helse. Nokre fylkeslag er slått saman til regionlag innanfor dei nye fylka, men laget i det tidlegare Sogn og Fjordane fylke er eige lag.

Mental Helse er ein landsdekkjande medlemsorganisasjon. Vår erfaringskompetanse innan psykisk helse er, saman med fagkompetanse, avgjerande for utviklinga av gode psykiske helsetilbod i Norge. Vi er ein sosialpolitisk interesseorganisasjon som jobbar for at alle skal ha ei best mogeleg psykisk helse og den største interesseorganisasjonen for menneske med psykiske helseutfordringar, pårørande og andre interesserte.

Vårt samfunnspolitiske program og strategidokument dannar grunnlaget for organisasjonen sitt arbeid i landsmøteperioden.

MEDLEMMAR OG LOKALLAG

Medlemstalet i Mental Helse Sogn og Fjordane pr. 31.12.20 var 159

Mental Helse Eid og Mental Helse Stryn fungerer som eige lokallag. Det er svært gledeleg at desse laga har fått avvikla årsmøte og det ser ut for at dei fungerer godt. I Sunnfjord held «Møteplassen» fram med arrangement så sant det let seg gjere i høve gjeldande nasjonale og lokale tiltak mot pandemien. Fram mot nedstenging våren 2020 var det samlingar 2.kvar torsdag. Planen var å restarte/ skipe nye lokallag i fylket, men grunna Corona-pandemien har dette ikkje latt seg gjere i 2020. Vårt håp er at vi kan opne opp så mykje at vi kan fortsetje med dette i 2021.

STYREMØTE, ARRANGEMENT, SAMLINGAR

I årsmøte-perioden har fylkeslaget hatt nokre fysiske styremøte/kurs, fleire digitale- og telefon-møte, arbeidsmøte, AU-møte, samt telefonkontakt mellom styremedlemmane utanom styremøta.

FI-Senteret, vart avvikla 30.juni 2020 og FFO Sogn og Fjordane var slått saman med FFO Hordaland til FFO Vestland. Frå 12.03.2020 vart heile senteret Corona-nedstengd og vi hadde minimal tilgang til kontoret vårt og det vart då heller ikkje råd å halde møter/ arrangement der. Styremøter gjekk etter dette føre seg på tlf /Messenger.

Styret i MH Sfj har eiga, lukka Face book-gruppe kor dei kommuniserer jamleg. I tillegg har fylkeslaget eiga Facebook-gruppe for medlemmane i MH Sogn og Fjordane.

Andre eksterne kurs og samlingar vart for det meste avlyste dette året.

MH Sfj fekk tilskot til å halde eit sosial samkome for styret før jul, denne lot seg gjennomføre og var særsviktig for oss alle.

I september fekk vi opna opp igjen for likemannsamlingar/Møteplassen på Røde Korsbygget og samlast kvar 14.dag fram til jul med avslutning med julebord og utloddning. Dette var særsviktig for dei som kunne vere med, men mange var etterhaldne med å møte grunna frykt for corona-smitte.

ÅRSMØTET 2020

Årsmøtet 2020 vart utsett til hausten grunna pandemien, men fristane for kunngjering vart haldne etter planlagd dato for årsmøtet. Den 20. september lukkast vi å halde årsmøtet på Røde Kors-bygget der organisasjons-rådgjevar Brita Brekke deltok frå Mental Helse sentralt. Det var 15 deltakarar med røysterett. Grunna pandemien laga vi all maten sjølve med viltgryte og nøttekake til dessert.

Fylkesstyret i Mental Helse Sogn og Fjordane fekk denne samansettina for 2020–2021:

Fylkesstyret i Mental Helse Sogn og Fjordane får denne samansettina for 2020 – 2021 :

Leiar:	Gerd Bjørkedal	<i>Førde</i>	vald til 2021
Nestleiar:	Liv Verlo	<i>Florø</i>	vald til 2022
Styremedlem:	Aud Skålvik	<i>Førde</i>	vald til 2022
Styremedlem:	Jan Jensen	<i>Vik i Sogn</i>	vald til 2021
Styremedlem:	Odd Rune Heggen	<i>Nordfjordeid</i>	vald til 2021
MH ungdom:	Gunn-Siri Verlo	<i>Flora</i>	vald til 2022
1. varamedlem:	Jostein Hauge	<i>Gaupne</i>	vald for 1 år
2. varamedlem:	Gro Indrebø	<i>Førde</i>	vald for 1 år
3. varamedlem:	Gidske Heggen	<i>Nordfjordeid</i>	vald for 1 år
Vald kasserar:	Aud Skålvik	<i>Førde</i>	vald for 1 år

§ 19.8. VAL AV 2 VARAREPRESENTANTAR TIL LEIARMØTET

1. vara til leiarmøte: Liv O. Aamot Verlo
2. vara til leiarmøte: Odd Rune Heggen

§ 19.9 VAL AV DELEGATAR TIL LANDSMØTET MED VARAREPRESENTANTAR

- | | | |
|-----------------------------|---------------------------|-------------------------|
| 1. Liv O. Aamot Verlo | 2.Gunn-Siri Verlo | 3.Gro Indrebø |
| 1. Jan Reidar Jensen - vara | 2. Odd Rune Heggen - vara | 3. Gidske Heggen - vara |

HANDLINGSPLAN 2019–2020 for Mental Helse Sogn og Fjordane vart samråystes vedteken slik:

Mental Helse Sogn og Fjordane vil i komande periode prioritere følgjande oppgåver innanfor nokre område

- **Gjere vårt for å auke engasjementet ute blant våre medlemmar.**
- **Jobbe for å få i gang fleire lokallag.**
- **Vidareføre og bre ut antistigma-arbeid.**
- **Førebyggjande arbeid for born og unge innanfor rus og psykisk helse.**
- **Arbeide for at individuelle planer vert tekne i bruk.**
- **Sjå til at avtalar mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta er kjent av fagfolka.**
- **Arbeide for framleis redusert bruk av tvang og medisinfrie tilbod**
- **Jobbe aktivt for at tiltak innan psykisk helse og rus blir realisert.(satsingsområde)**
- **Markere verdsdagen for psykisk helse**
- **Løfte eldre og psykisk helse som politisk sak.**
- **Ha fokus på opplæring og kompetanseheving for å bli ein tydelegare samfunnsaktør**
- **Søke midlar til prosjekt med tanke på å få fram Mental Helse Sogn og Fjordane sin historikk.**

REPRENTASJON/MØTEDELTAKING/AKTIVITETAR i 2020-2021:

Vi har ei viktig rolle i å påverke og bidra med å kvalitetssikre utviklinga av det psykiske helsearbeidet, men vi *er berre med i nokre få råd, arbeidsgrupper og utval innanfor psykisk helsevern.*

Vi oppmodar Mental Helse sentralt, til å påverke helseføretaka og kommunane, slik at MH er med i alle råd, arbeidsgrupper og utval innanfor psykisk helsevern og at det er felles retningsliner for dette i alle ledd.

Vi har representant i forum for rus og psykisk helse og deltek på aktuelle kurs og samlingar. Vi er med i styringsgruppe for bustadtilbod (nybygg/ombygging) til mennesje utan/med mangelfulle butilbod innanfor rus- og psykisk helse.

Odd-Rune Heggen er med i det kommunale rådet for mennesje med nedsett funksjonsevne på Nordfjordeid.

Vi hadde ei representant, Gro Indrebø, på Dialogmøte i Bergen om Verdsdagen

Gunn-Siri Verlo er vår representant i ungdomsrådet.

KONTROLLKOMMISJONANE.

- **Gerd Bjørkedal** - vara i den faste kontrollkommisjonen.
- **Jostein Hauge** - fast representant i den reisande kontrollkommisjonen.
- **Jan Jensen** - 1.vara i den reisande kontrollkommisjonen
- **Gerd Bjørkedal** -2. vara i den reisande kontrollkommisjonen.

Det er no lagt til rette for at varamedlemmane i kommisjonane har nokre faste møtedagar. Dette gjer at dei er oppdaterte ved eventuelle ekstra møte.

VERDSDAGEN – Bilete er frå 2019



Verdsdagen for psykisk helse 10. oktober vert markert kvart år. Temaet denne gongen var «Spør mer». Nokre kommunar har hatt direkte kontakt med medlemmar som har vore med på einskilde markeringar.

KONFERANSEN «Om Sjølvord»(Strong not silent)

I mars 2020 deltok nestleiar Liv O. Aamot Verlo, Gunn-Siri Verlo og Gro Indrebø på konferanse i Gamle-Logen i Oslo. Våre deltakarar gav positive tilbakemeldingar på konferansen og at slik deltaking gir inspirasjon til det frivillede arbeidet.

REGIONSAMLINGAR

Grunna pandemien har det ikkje vore arrangert regionsamlingar i 2020.

LEIARMØTET 2020- 2021

Nestleiar møtte på leiarmøte i mars, då vart leiarmøte lagt til dagane etter Konferansen. Leiar deltok på digitalt leiarmøte i mars 2021.

STANDS

Det har ikke vore arrangert stands i 2020.

LANDSMØTET 2020

Landsmøtet gjekk føre seg digitalt. Gerd Bjørkedal, Liv O. Aamot Verlo og Gunn-Siri Verlo deltok frå Sunnfjord hotell, mens Gro Indrebø deltok frå heimekontor. Ei av dei viktige sakene for vår del, var samanslåing av fylkeslag, der landsmøtet vedtok å slå saman dei gamle fylkeslaga, slik at dei nye fylkeslaga no skal gjelde vere lik dei nye fylka. MH Sogn og Fjordane og MH Hordaland skal vere eitt fylkeslag frå 2022. Fylkeslaga skal samarbeide for å få til best mogelege løysingar for dette. Nye vedtekter og program er sende ut til medlemmane saman med bladet Sinn og Samfunn.

ØKONOMI

Mental Helse Sogn og Fjordane fekk driftsmidlar gjennom Det regionale Helseføretaket, Helse Vest RHF, tilbakeføring av medlemskontingent og mva-refusjon og tilskot til samlingar og kurs.

LOKALITETAR, BEMANNING OG ADMINISTRASJON

Det lukkast oss å få leige kontor i same etasje som før,(der vi har hatt kontor), utanfor det tidlegare FI-Senteret. Dette gjorde utflyttinga lettare og vi trives godt i det nye lokalet. Vi fekk – etter ein møysommeleg prosess – kjøpe møteromsmøblane frå FFO ,dei er no lagra. Vi er usikre på kor vi kan halde samlingar seinare, men har førebels ein avtale med Førde Røde Kors om å få nytte lokale hos dei – så sant smittevern-reglane tillèt det til ein kvar tid. Vi har tidvis hatt ein medarbeidar på kontoret, men har elles vært tilgjengeleg på tlf. og heimekontor.
Administrasjon og drift av fylkeslaget har gått føre seg på frivillig basis.

CORONA-PANDEMIEN.

Det har vært ein annleis tid for brukarane våre, og mange aktivitetar har vore avlyst. Vi har hatt god kontakt med medlemmar, og det har vore et rush av henvendingar på telefon, særleg har leiar og nestleiar hatt mange og lange samtalar med medlemmar og andre. Det er tydeleg at pandemien gjer at mange slit med einsemd og har det vanskeleg.

OPPSUMMERING

Mental Helse Sogn og Fjordane har jobba aktivt med de saker som er viktige for brukarane. Brukarkunnskap er, saman med fagkunnskap avgjerande for å skape gode helsetenester. Det er difor nødvendig at brukarar av psykiske helsetenester òg bidreg til utforminga av tenestene på alle nivå.

Vi håper at Helse Førde og andre instansar ser verdien av å ha brukarar med i arbeidsgrupper og utval som gjeld rus og psykisk helse i frå medlemsorganisasjonane innanfor våre grupper. Ved å arbeide med politisk påverknad, folkeopplysing og formidling av brukarerfaring, jobbar

vi for auka openheit, betre førebygging og god behandling av menneske sine psykiske helseutfordringar.

Corona-pandemien har vist oss at det er viktig og naudsynt med sosiale arenaer og likemannsarbeid. Vårt håp for Mental Helse Sogn og Fjordane er at dei møteplassane som finnast rundt i lokallaga og i kommunane, er med på å gjere ein forskjell for menneske som treng det, og at vi kan vere rause medmenneske som ønskjer å ta vare på kvarandre.

Vi takkar våre medlemmar for den innsatsen dei gjer rundt om i fylket, og vonar framleis på gode arbeidsvilkår for Mental Helse Sogn og Fjordane i samarbeid med våre medlemmar og med dei ulike instansar/etatar i kommunar, fylkeskommune, helseføretak og staten.

Førde, den 26.03.2021

Mental Helse Sogn og Fjordane

Gerd Bjørkedal – leiar/sign

Liv Olavsdtr Aamot Verlo/sign

Aud Skålvik/sign

Odd Rune Heggen/sign

Jan Reidar Jensen/sign

Gunn-Siri Verlo/sig

Jostein Hauge -vara

Gro Indrebø - vara

Gidske Heggen-vara